



Styrets årsmelding for år 2007

Datert 28.mars 2008

Styrets sak 06-2008

Del I: Årsmelding

Del II

Årsrekneskap 2007, balanse 31.12.2007

Budsjett 2008

Økonomiplan 2008-2011

Del III

Revisjonsmelding

Innhald

Del I: Årsmelding	5
0. ORIENTERING OM SUM	6
0.1 Sunnfjord Miljøverk IKS, SUM, nokre paragrafar i Selskapsavtalen:	6
0.2 Deponi-stoda, Avfallsforskrifta kapittel 9, den tidlegare deponiforskrifta.	8
0.3 Organisering av SUM.....	8
1. VIKTIGE MOMENT DEI SEINASTE ÅRA	11
1.1 Våtorganisk avfall - etablering og drift av gass-anlegg bygging og drift av omlastingshall.....	11
1.2 Informasjon	11
1.3 Gjenvinningsstasjonar, mottak farleg avfall, glasinnsamling, ee-avfall.	12
1.4 Opplæring - kompetansebygging	12
2 DELTAKING I ANDRE ORGANISASJONAR, SAMARBEID MED ANDRE. VIKTIGE AVTALEPARTNARAR	13
Deltaking i organisasjonar:.....	13
Viktige avtalepartnarar;.....	13
3 AVFALLSBEHALDARAR ETTER OPPTELJING / GJENNOMGANG	14
4 DEONIET. TILTAK MOT SKADEDYR.	15
5. MATAVFALL – RESTAVFALL: LØYSING DEI NÆRASTE ÅRA.	16
6. ENDRÅ FORSKRIFTER	19
7. Miljø-vurdering	20
8 STYRETS VURDERING.	21
Statistikk	23
Plassert på Hesjedalen avfallsplass/ deponiet frå opning 01.06.97	23
Farleg avfall container, PCB-vindu, batteri og CCA-impregnert 2000 - 2007	23
Glas og metallboksar	24
Papir: Innsamla i SUM kommunane;	24
Restavfall renovasjonsbilane;.....	24
Tonnasje og antal vegingar innom SUM-vekta 2002 -2007	24
Hushaldningsavfall 2007; 94 % til gjenvinningsanlegg.....	24
Del II:	25
Årsrekneskap 2007, balanse 31.12.07, økonomiplan 2008 – 2011	25
Resultat 2007 mot budsjett og fjorårets resultat	27
Balanse 2007	28
Notar	29
Resultat for 2007 og budsjett 2008	31
Kommentarar til budsjett for 2008:	32
Økonomiplan 2008-2011	33
1. Generelle rammevilkår	33
2. Investeringar og finansiering.....	33
3. Renter og avdrag.....	34
4. Driftsbudsjett 2008-2011.....	34
Del III Revisjonsmelding	35

Del I: Årsmelding

0. ORIENTERING OM SUM

0.1 Sunnfjord Miljøverk IKS, SUM, nokre paragrafar i Selskapsavtalen:

§1 Selskapets firma og deltakarane

Selskapets firma er Sunnfjord Miljøverk IKS.

Dei deltakande kommunane er Askvoll, Fjaler, Førde, Gaular, Hyllestad, Jølster og Naustdal

Andre kommunar har høve til å søkje medlemskap.

Selskapet har hovudkontor og forretningsadresse i Førde.

§2 Formålet med selskapet er:

Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærare avtale med kommunane.

Bygging og drift av behandlingsanlegg for restavfall etter gjenvinning

Selskapet skal bygge og drive innsamlingsssystem, mottak, gjenvinningsanlegg, mellomlagring og vidaresending av spesialavfall og avfall som kan gjenvinnast. Selskapet kan søkje samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap der dette er naturleg

Selskapet kan delta i, - til dømes ved aksjekjøp – og / eller opprette sjølvstendige selskap - til dømes aksjeselskap - som skal ivareta spesielle oppgåver som har samanheng med drifta.

Selskapet skal leggje særleg vekt på miljøvenlege drift i alle ledd i avfallsbehandlinga og reduksjon av avfallsmengda.

Selskapet skal gje pålegg/råd i spørsmål som gjeld renovasjon, og i nært samarbeid med kommunane informere publikum og næringsdrivande om drifta av selskapet.

Selskapet skal i informasjonsarbeidet leggje vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege behandlingsmetodar.

§3 Selskapsleiing

Selskapet vert leia av eit representantskap og eit styre. Representantskapet er selskapet sitt øverste organ.

Medlemmene i representantskapet med personlege varamedlemmer vert valde av kommunestyra i medlemskommunane for 4 år i samsvar med den kommunale valperioden.

Medlem i styret kan ikkje vere medlem i representantskapet.

§ 4 Representantskapet

§4.1 Representantskapet skal ha eit medlemstal som tilsvarar folketalet i medlemskommunane slik at kvar kommune har ein representant pr. 2.500 innbyggjarar. Minimumstalet på representantar frå ein kommune skal likevel vere 2 representantar uansett innbyggartal

Ein får følgjande medlemstal i høve til folketalet:

Folketal	Medl.i repr.skap
0 - 2500	2
2500 - 5000	2
5000 - 7500	3
7500 - 10000	4
10000 - 12500	5
12500 - 15000	6
15000 - 17500	7
17500 - 20000	8

Og så vidare etter same mønster

Utgangspunktet er folketalet i kommuneval-år, med basis i folketalet pr. 1.1.2004.

Folketalet og talet på medlemmer i representantskapet vert justert kvart 4. år, første gang 01.01.2008 og ved opptak av nye medlemskommunar eller ved endringar i eigarkommunane.

Folketalet og prosentdelinga er slik pr.01.01.2008 (Kjelde Statistisk Sentralbyrå m.o.t. folketal):

Kommune	Folketal	Fordeling	Medl.repr.skap
	01.01.08	%	
1413 Hyllestad	1505	5,49	2
1428 Askvoll	3065	11,18	2
1429 Fjaler	2849	10,39	2
1430 Gaular	2748	10,02	2
1431 Jølster	2929	10,68	2
1432 Førde	11650	42,50	5
1433 Naustdal	2668	9,73	2
	27414	100,00	17

Ved endring i kommunestorleik, skal folketalet i den/dei nye kommuneininga(ne) leggst til grunn. Representantskapsmedlemmer som skal representere den nye / endra kommuneininga, skal utpeikast før første ordinære representantskapsmøte, eller før ekstraordinært representantskapsmøte. Deretter skal talet på representantskapsmedlemmer baserast på folketalet: 01.01.2004, 01.01.2008, 01.01.2012 osv.

§4.2 Representantskapet kjem saman minst ein gong i året; Årsmøte skal haldast seinast innan utgangen av april månad. Det vert vist til Lov om interkommunale selskaper § 8

§4.3 Representantskapet er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemmene er til stades. Representantskapet sin leiar er møteleiar, i dennes fråver er nestleiar møteleiar. Når begge har forfall, vel representantskapet ein av dei andre medlemmene til ordstyrar. Ved val, tilsetjingar, røysting og spørsmål om inhabilitet gjeld kommunelova sine reglar, jf "Lov om interkommunale selskaper § 15".

§6 Styret

§ 6.1.1 Styret skal ha eit medlemstal som tilsvavar folketalet i medlemskommunane slik at kvar kommune er representert slik:

Folketal	Medl.i styret
0 - 10000	1
10000 - 15000	2
15000 - 20000	3
20000 - 25000	4

Styremedlemmene skal ha personlege varamedlemmer.

§ 6.1.2 Med tilvising til § 4.1, skal fastsetjing av talet på styrerepresentantar, skje med bakgrunn i folketalet kvart 4. år; Første fastsetjing etter folketalet pr. 1.januar 2004, vidare: 01.01. 2008, 01.01.20012, 01.01.2016 og så vidare.

§ 6.1.3 Ved endring i kommunestorleik, skal folketalet i den/dei nye kommuneininga(ne) leggst til grunn. Styrerepresentantar som skal representere den nye / endra kommuneininga, skal veljast enten på første ordinære representantskapsmøte, eller på ekstraordinært representantskapsmøte. Deretter skal talet på styrerepresentantar baserast på folketalet nemnt i § 6.1.2.

§10 Nye medlemmer

Vedtak om opptak av nye medlemmer kan gjerast av representantskapet med 2/3 fleirtal.

Samtidig skal representantskapet fastlegge ny prosentdeling og representasjon i §4.

Nye medlemmer skal innbetale ein kontantsum eller aktiva av tilsvarande verdi. Summen skal tilsvare den nye medlemmen sin prosentvise del av selskapet sin eigenkapital.

Selskapet sin revisor fastset eigenkapitalen på grunnlag av det siste rekneskapet, justert fram til tidspunktet for deltaking i selskapet.

§12 Klageutval

Kommunane har oppretta eige klageutval for endeleg handsaming av klager i høve til forskrifter for slamtøming og renovasjon. Klageutvalet er endeleg handsamings- og avgjerdsinstans, og vedtak i utvalet er endeleg og kan ikkje påklagast vidare. Det vert vist til Lov om interkommunale selskaper, Kommuneloven, og Forurensningsloven kapittel 11 med tilvisingar til Forvaltningsloven.

Klageutvalet handsamar saker vedkommande renovasjon og slamtøming.

Medlemmene i klageutvalet føl kommunestyrebolkane slik at nytt kommunestyre snarast råd vel medlemmer til klageutvalet.

Klageutvalet skal ha eit medlemstal som tilsvavar folketalet i medlemskommunane slik:

Folketal	Medl.i klageutvalet
0 - 10000	1
10000 - 15000	2
15000 - 20000	3
20000 - 25000	4

Klageutvalsmedlemmene skal ha personlege varamedlemmer

Kommunestyret i den enkelte kommune vel representant(ar) og vararepresentant(ar).

Så snart klageutvalgsmedlemmene er valde, innkallar SUM til første klageutvalgs møte. I dette møtet konstituerer klageutvalet seg, og vel leiar og nestleiar. I det etterfølgjande arbeider klageutvalet etter same prinsipp som styret, jamfør §§ 6.2, 6.3 og 6.4., jamfør §§ 6.1.2 og 6.1.3 ved endringar i kommunane.

Representantskapsleiaren, styreleiaren og dagleg leiar har møterett og talerett, men ikkje stemmerett, og skal inviterast til klageutvalgs møta.

Rådmannen / administrasjonssjefen i den kommunen der klagaren har eigedommen som vedkjem klagen, førebur saka for klageutvalet. SUM sender sakene til utvalet.

Saklista til klageutvalgs møte skal sendast til medlemskommunane og styremedlemmene samt leiaren i representantskapet. Alle vedtak gjort av klageutvalet, skal sendast til dei klagen gjeld, kommunane, styret og leiaren for representantskapet.

***** Avskrift deler av selskapsavtale slutt

0.2 Deponi-stoda, Avfallsforskrifta kapittel 9, den tidlegare deponiforskrifta.

Hesjedalen avfalls plass er godkjent tilsvarande ”dobbel botntetta”. SUM rekna med at Fylkesmannen ville skrive ut oppjustert driftsløyve 2006; Det skjedde ikkje, men pr februar 2008 er nytt driftsløyve lagt ut til off. ettersyn, og merknader er sendt. Nytt driftsløyve er venta på plass i løpet av kort tid

Avfallsforskriftens kapittel 9 (= deponiforskrifta) er stadig under endring og presisering. Myndighetene har varsla deponiforbod på nedbrytbart avfall frå 2009; Avfallsbransjen er usikker på kva forbodet vil bety, mellom anna på grunn av manglande behandlingsapparat og venta dispensasjonssøknader.

SUM legg stor vekt på avfallskontroll, både ved innkjøring og deponering. Dette sikrar god kunnskap om kva som blir deponert, og aukar tryggleiken for ettertida.

0.3 Organisering av SUM

Representantskapet med vara, 2008 – 2011, valt av kommunane hausten 2007:

Kommune	Namn Faste	Namn Personlag vara
FØRDE	GJERLAND NILS	RINGSTAD REIDUN FATTNES
FØRDE	KIRKETEIG JORUNN KJERSTI EIDE	LYNGSTAD TERJE
FØRDE	HALVORSEN EVA MARIE	RÅHEIM ROY INGE
FØRDE	NØRINGSET NORVALL	IGLAND STIG
FØRDE	TAULE JAN	MYKLEBUST ÅSE
GAULAR	FØLLING JENNY	SKUDAL ELDRID
GAULAR	KÅRSTAD JONNY	AARNES JOAR
JØLSTER	KAPSTAD JUDITH	HØYVIK AUDUN
JØLSTER	SÆLE RAGNHILD	FLATEN JAN OVE
FJALER	KVAMME METTE	LAMMETUN NORODD
FJALER	VIK HARALD	NAUSTDAL AINOR FRISTAD
ASKVOLL	OSLAND ONAR	KLAUSEN MARIT
ASKVOLL	LANDØY LINDA	AALEN ODDBJØRN
HYLLESTAD	DALE SVEIN REIDAR	DALE YVONNE
HYLLESTAD	SYSTAD IVAR	EIKEN ANNE KARIN
NAUSTDAL	BIRKELAND ANNLAUG	FOLKESTAD ARNE KJELL
NAUSTDAL	EINEVOLL ARE	KLOPSTAD KJELL

Leiar og nestleiar skal veljast av representantskapet i årsmøtet.

I førre periode var Nils Gjerland leiar og Jenny Følling nestleiar

Representantskapet valde på møtet 23. april 2004 desse styremedlemmene for dei neste 4 åra:

Kommune	Fast medlem	Personleg vara
Askvoll	Steinsland Aud Kari	Mjåseth Bjørn-Arne
Førde	Nøringset Norvall	Berge Randi Helene
Førde	Haugsvær Solveig Masdal	Sandal Wilhelm
Hyllestad	Tonning Atle	Dale Hans Emil
Gaular	Lunde Henrik	Amundsen Reidun Skudal
Fjaler	Hjelle Erling	Solheim Kåre
Jølster	Dvergsdal Gerd	Lunde Andreas
Naustdal	Kvame Harald	Reiakvam Randi E.

Leiar og nestleiar i styret har i heile perioden vore;

Henrik Lunde, leiar

Gerd Dvergsdal, nestleiar

Det vart halde 6 styremøte i 2007

Klageutvalet 2008-2011:

Kommunane valde hausten 2007 klageutval for neste periode:

Kommune	Utvaksmedlem fast	Personleg vara
HYLLESTAD	SYSTADDAL UNNI	ATTERÅS HEIDI
FØRDE	LANDRO SIW	HAUG KARL ØYSTEIN
FØRDE	HEGRENES NORVALD	GAUSTAD BENTE
GAULAR	LUNDE SVEINUNG	SOLHEIM HARALD
JØLSTER	GJESDAL SVERRE	STØYLEN JANNE KARIN
FJALER	LAMMETUN NORODD	KVANGARSNES HOGNE
ASKVOLL	ERIKSTAD JOSTEIN	KLAUSEN OLE ANDRE
NAUSTDAL	THINGNES OLE ERIK	LEIKANGER VIGGO


Utvalet konstituerte seg på møte 8. februar 2008, og valde:

Leiar Jostein Erikstad

Nestleiar Siw Landro

I 2007 var der ikkje klagesaker til behandling i utvalet, og det vart ikkje halde møte.

Driftsorganisering:



1. VIKTIGE MOMENT DEI SEINASTE ÅRA

1.1 Våtorganisk avfall - etablering og drift av gass-anlegg bygging og drift av omlastingshall

Frå desember 2003 har innsamla restavfall frå hushaldning gått til energigjenvinning; Frå og med 2005 gjennom avtale med REKOM AS.

Avfallet vert brent i moderne anlegg, med mellom 80 og 90% energigjenvinningsgrad. I dette restavfallet ligg også matavfallet, som frå og med desember 2003 har vore teke ut av deponiet. Energiinnhaldet er ca 2,8 kWh/kg avfall.

Ordninga fungerer godt, med unntak av nokre hendingar der transportøren ikkje har halde unna slik at tonnasjen i omlastingshallen har vore stor (men kurant i høve driftsløypet).

Gassuttaksanlegget vart sett i drift frå ultimo mai 2004, i samsvar med fylkesmannens pålegg.

Variable gassmengder gjer drifta ustabil. Brennaren er ”krympa” for å kunne takle dei avgrensa gassmengdene, den er difor sårbar og alarmsystemet trer ofte inn. Vi håpar at det vil vere mogleg å få til stabil avbrenning; Om anlegget har framtida for seg, står att å sjå.

For å sikre data-linjene mellom sigevassbu – gassanlegg – kontor, la vi hausten 2007 ned fiberkabel. Kabelen vil kunne nyttast når det evt. kjem krav om rensing av sigevatn og dataoverføring også frå slik installasjon.

Rapportering i høve gassmengder mv. vert gjort gjennom det statlege systemet ALTINN

Sorterings- og omlastingshallen teken i buk seinhaustes 2006, var – saman med oppbygging av utvendig mellomagringsflate for metallskrap – ei god investering med omsyn til større fleksibilitet i mottaksordninga. Utbygginga har også sikra vesentleg betre inntening på ein del fraksjonar der vi tidlegare måtte leige tenester:

- Vesentleg mindre kostnader på papir-omlastinga
- Gode inntekter på utsortert metallskrap
- Tilbod om sorteringsløyving for dei som sjølv ikkje ønskjer eller kan gjere jobben

Retura Fjordane AS

Retura Fjordane AS vart avvikla i 2007, med bra resultat for eigarane.

SUM og dei tidlegare aksjonæranne (SAR og Sunde Gjenvinning) opparbeidde eit godt kontaktnett, og begge ”trafikkerer” vårt anlegg;

- SAR vann anbudskonkurransen på hentinga av farleg avfall samt innkjøring frå gjenvinningsstasjonar
- Sunde Gjenvinning Gods AS går frå 12. februar inn som REKOMs transportør på energigjenvinningsvare

1.2 Informasjon

Den skriftlege informasjonen har gått ut slik:

Annonsering, etter behov gjennom heile året.

SUM-info 1-2007 jan 2007, orientering om nye kontraktspartnarar

SUM-info 2-2007 mars 2007, Avfallsvegvisar, også sendt utanbygds hytteeigarar

SUM-info 3-2007 mai 2007, Ekstra runde farleg avfall

Renovasjonsrutekalender september 2007

Avisannonsering vert nytta som supplement.

SUM har delteke i diverse meiningsutvekslingar, i aviser og radio.

Næringslivskontakta er god. SUM vert ofte kontakta som kompetanseorgan i avfallsspørsmål.

SUM har inntrykk av at innbyggerane i dei tilslutta kommunane er godt oppdatert på kva tilbod og løysingar som ligg i renovasjonssystemet.

1.3 Gjenvinningsstasjonar, mottak farleg avfall, glasinnsamling, ee-avfall.

SUM har gjenvinningsstasjonar i Askvoll, Hyllestad, Fjaler, Gaular, Førde / Naustdal (Einestølen) og Jølster.

På gjenvinningsstasjonane er containerar for papp/papir, treverk/hageavfall, metall, EE-produkt, emballasje-glas/metallboksar, farleg avfall (spesialavfall) og restavfall.

Gjennom SUMs avtale med SAR AS, kan **verksemdar** få levert farleg avfall som betalingsvare på dei månadlege rutene eller ved eigne transportar.

Stasjonane på Skei, på Sande og i Dale er tidlegare utbygde.

I 2006 – 2007 vart stasjonen i Hyllestad opprusta på nytt område i Staurdalen (teken i bruk 14. feb. 2007); Med løysing for store krokløftcontainerar, og det er høve til å levere betalingsvare

Stasjonen i Askvoll står for tur, planlagt nybygging i løpet av 2008 – 2009. Deretter reknar SUM med å starte på nytt;

- Stasjonen på Skei (Jølster) er liten, ny plassering aktuelt
- Stasjonen i Dale treng meir plass, må venteleg flyttast
- Stasjonen på Sande (Gaular) har utvidingsmoglegheit slik den ligg

SUM reknar med at utvikling av gjenvinningsstasjonar vil halde fram gjennom opprusting og utbetring.

Nye glascontainerar kom på plass i 2006, no vert same type container sett ut for hytteavfall. Systemet vil bli meir ryddig, og mindre opning i innkastluker i hyttecontainerane vil gjere det vanskeleg for dei som dessverre driv tjuvlevering og snyltar på andre

1.4 Opplæring - kompetansebygging

Som vanleg har SUMs personale delteke i mange samanhengar som gir auka kompetanse:

- Konferansar /kurs arrangert av til dømes Avfall Norge, NORSAS, Avfallsforum Vest, KS Bedrift mv.

2 DELTAKING I ANDRE ORGANISASJONAR, SAMARBEID MED ANDRE. VIKTIGE AVTALEPARTNARAR

Deltaking i organisasjonar:

SUM er medlem av Avfall Norge. Vi har både fått og gitt informasjon i høve til medlemskapet, samarbeid på slikt grunnlag er nyttig.

I løpet av 2007 vart det også utvikling i engasjementet i KS Bedrift; Dagleg leiar kom inn i Kontaktutvalget for Virksomhetsgruppen samt styret i KS Bedrift.. På basis av denne aktiviteten, tok dagleg leiar i SIM (Stord), BIR (Bergen) og SUM initiativ til eiga gruppering for avfallbransjen. Siktemålet er å styrke arbeidsgivar-rollen samt å bruke KS-systemet som gir større moglegheit for myndigheitskontakt.

SUM er også medlem i Avfallsforum Vest, som no engasjerer både offentlege og private avfallverksemdar i Hordaland og Sogn og Fjordane..

SUM har aksjar i meklarselskapet REKOM AS, og i merkevara RETURA AS.

Styret og SUM-personalet er aktive på mange samarbeidsnivå.

Viktige avtalepartnarar;

Avtalen gjeld	Avtalepartnar	Tidsrom	Kontaktperson SUM
Innkjøring frå SUMs gjenvinningsstasjonar	SAR AS, Florø	2007-2009 + opsjon 1+1	Driftsleiar Solheimsnes
Henting spesialavfall – farleg avfall på gjenvinningsstasjonane og verksemdar (etter innmelding) samt årleg henterunde	SAR AS, Florø	2007-2009 + opsjon 1+1	Driftsleiar Solheimsnes
Tøming av glas og metall frå returpunkt	SAR AS, Florø	2007- 2009 + opsjon 1+1	Driftsleiar Solheimsnes
Tøming av slamavskillarar og tette tankar	Miljøservice AS, Stryn og Johnny Birkeland Transport AS, Dalsøyra	2008 – 2013 + opsjon 1+1	Økonomisjef Øvretveit
Tøming av avfallbeholdarar, vanleg renovasjon	Reno Norge AS, avd. Førde	2008 – 2012 + opsjon 1+1	Driftsleiar Solheimsnes
Sortering papir	Tenden Container og Gjenvinning AS, Stryn	2007 – 2009 + opsjon 1+1	Driftsleiar Bu
Energigjenvinning restavfall	REKOM AS, Bergen	2005 – 2007 + opsjon 1+1	Driftsleiar Bu / dagleg leiar Grepstad

3 AVFALLSBEHALDARAR ETTER OPPTELJING / GJENNOMGANG

GRÅ (Restavfall)	Fastbuande 2006	Hytte 2006	Tot 2006	Fastbuande 2007	Hytte 2007	Tot 2007	Endring 2006 - 2007		
Naustdal	934	14	948	936	14	950	2	Dunkar er vekta slik:	
Askvoll	1 327	32	1359	1 246	48	1294	-65	140 liter =1	
Hyllestad	706	18	724	825	26	851	127	240 liter =1,71	
Fjaler	1 169	19	1188	1 251	32	1283	95	660 liter = 4,71	
Gaular	990	10	1000	1076	27	1103	103	hytte = 0,25	
Jølster	1 171	30	1201	1 214	54	1268	67		
Førde	4 631	13	4644	4 817	17	4834	190		
SUM	10 928	136	11 064	11 364	219	11 584	520		

Blå (Papiravfall)	Fastbuande 2006	Hytte 2006	Tot 2006	Fastbuande 2007	Hytte 2007	Tot 2007	Endring 2006 - 2007		
Naustdal	921		921	951		951	30		
Askvoll	1 148		1148	1 116		1 116	-32		
Hyllestad	656		656	673		673	17		
Fjaler	1 116		1116	1 142		1 142	26		
Gaular	1 061		1061	1 137		1 137	76		
Jølster	1 163		1163	1 110		1 110	-53		
Førde	4 416		4416	4 520		4 520	104		
SUM	10 481	0	10 481	10 650	0	10 650	169		

Større grupper av hytte-beholdarar vert fjerna og erstatta med nye hyttecontainerar første kvartal 2008:
 Innkastopninga er tilpassa ordinære avfallsposar med sikte på at uønska avfall ikkje skal inn her – toppluka vert låst

4 DEPONIET. TILTAK MOT SKADEDYR.

Etter anbudsrunde sommaren 2000, vart utvidingsarbeidet starta opp på hausten. Tidlegare hadde vi eit botntetta areal på ca. 11.000 m². Etter utvidinga er det botntetta arealet på ca. 22.000 m².

SUM reknar med å utvide deponiet med 6.000 – 9.000 m² i 2008 - 2009

Deponert mengde kan gå ned dei næraste åra; Avhengig av kor mange deponi som skal drivast.

Vi komposterer 3000-4000 årstonn (kloakkslam blanda med knust treverk) på toppen av fyllinga. Denne aktiviteten treng plass

Kompostering av kloakkslam der knust treverk vert brukt som ”strø”, har pågått sidan 1999. Dette fungerer fint, og komposten vert brukt som skråningsdekking på deponiet.

Tildekking avfall: SUM hadde før 01.12.03 som rutine å dekke alt avfall dagleg. Etter denne dato er alt matavfall utteke, og det vert dekkja etter behov. Særleg vert det lagt vekt på å hindre flygeavfall samt branntryggleik gjennom forsvarleg celle-bygging
Det er lagt inn fast, vårleg rutine der skuleklasse får nokre kroner for å plukke flygeavfall.

Svartfugl-bestanden har minka etter at matavfallet vart teke ut. Avliving ved skyting er no sjeldan

Det vert sporadisk registrert rotter, og individa vart tatt ut ved hjelp av spesialfirma og deira saneringsmetodar.

5. MATAVFALL – RESTAVFALL: LØYSING DEI NÆRASTE ÅRA.

Matrestar

SUM har avtale med REKOM AS som igjen har gjenvinningsavtale med svenske og norske anlegg. Denne avtalen går i åra 2005-2006-2007, og det er varsla bruk av opsjon åra 2008 og 2009. Avtalen er oppseieleg etter 6 mnd. varsling, utan oppseiingskostnad.

SUM vurderer også andre handsamingsformer – herunder utskiljing av matavfall i eigen dunk - , dersom alternativ skulle framstå som miljømessig og økonomiske betre.

Kompostering av matavfall er ikkje aktuelt tema.

Produksjon av biogass ved utråtning kan komme inn; Særleg dersom det kjem opp gode løysingar der metan kan erstatte fossilt brensel. Det synest ikkje særleg aktuelt med denne type anlegg i vårt fylke, men teknologiske framskritt og klimagassproblematikk kan endre dette synet.

Så langt er dagens løysing med energigjenvinning av alt dunk-restavfall vurdert som best, også med bakgrunn i effektivitet på transport

Omlasting - sortering

Det er bygt ny omlastingshall på 1200 m². Her er det mogleg å sortere – mellomlagre og evt. balle/komprimere avfall.

Drifta i hallen starta november 2006; SUM er godt nøgd med løysinga

Bygginga set SUM i stand til å takle både sorteringskrav og strengare krav til deponert avfall.

Tilbodet om å sortere kurant avfall (ikkje farleg avfall) har vist seg nyttig der entreprenørar og andre får lang transport hit. Dei kan bruke ein container og betale for sorteringa.

Emballasjeplast frå hushaldning

Utskiljing av plast er eit stadig tilbakevendande tema. Styret og administrasjonen er kontinuerleg oppdatert på spørsmålet, mellom anna i lys av at BIR (Bergensområdet) reknar med å iverksetje utskiljing.

Problemstillinga er likevel at materialgjenvinninga på plast, ikkje er på plass. Statistikken (i skrivande stund tilgjengeleg for 2006) viser at av all kjeldesortert og innsamla plast, gikk 60-70% til energigjenvinning, medan 30-40% gikk til materialgjenvinning.

På Emballasjereturs internettsider datert 20.02.08 finn ein desse tala for hushaldningsplast:

Plastemballasje husholdninger

Sum generert mengde: 62 792 tonn.

Andel til materialgjenvinning: 16 %

Andel energiutnyttet: 59 %

Andel gjenvinning totalt: 75 %

I klartekst gir dette;

Av 100 % innsamla gikk 78,66% til energigjenvinning, og 21,34% til materialgjenvinning

All plast som vert lagt i restavfallsdunkane i SUM, går til energigjenvinning.

I lys av dette, vil SUM i løpet av 2008 venteleg plassere eigen mottakscontainer for blanda plastprodukt på gjenvinningsstasjonen på Einestølen. Plasten vil deretter gå til gjenvinning – ikkje til deponi.

Deponiutviding

Utviding av deponiet er programmert i 2008-2009 - fordi deponiarealeet vert for lite.

Deponiforbod nedbrytbart avfall kjem (venteleg) i 2009

Deponiforbod nedbrytbart avfall vil redusere behovet for deponivolum – på sikt. Det er venta at det i nokre år må givast dispensasjonar, fordi behandlingsskapasiteten i energigjenvinningsanlegga er for liten.

I lys av desse realitetane, vil SUM dei næraste månadane ta endeleg stilling til om utvidingsarbeidet skal setjast i gang – også som følgje av at fylkesmannen er i gang med å skrive ut nytt driftsløyve.

Behov for kverning ved deponiforbod nedbrytbart?

Deponiforbodet vil også føre til at enno meir av deponiavfallet må til "alternativ behandling"; Energigjenvinning / forbrenning vil nok vere hovedløysinga.

Dermed oppstår nye utfordringar i høve til å sikre effektive og lite miljøbelastande transportar. Igjen vert det viktig å sikre at bilane går med fulle lass, slik det i dag vert gjort. For å få dette til, må ein rekne med at avfallet må forbehandlast til dømes ved kverning.

Dispensasjonssøknad

Fleire store energigjenvinningsanlegg er under bygging, og vil stå ferdig i løpet av 2-5 år. Dermed vil det bli behov for dispensasjonar i høve deponiforbodet som er planlagt frå juli 2009 – SFT er merksam på problemstillinga og signaliserer vilje til vurdering. Behandlingskapasiteten og kravspesifikasjonane for avfallslevering til anlegga må vere på plass før SUM vel løysing.

SUM må vurdere dispensasjonssøknad, og det kan vere naturleg å tenke seg eit tidsperspektiv på 2-5 år utover juli 2009; Deponiet er av god standard og kan handtere avfallet i ein dispensasjonsperiode.

Formell vurdering og søknadsoppbygging er naturleg å starte hausten 2008 – under føresetnad av at myndigheitene (Miljøverndepartementet – SFT – Fylkesmennene) har formalisert rammeverket for denne type søknader.

I følgje Avfall Norges internettsider, skriv SFT i oversending til MD ca media februar 2008:

"Forurensningsmyndigheten kan i særlige tilfeller tillate deponering av annet biologisk nedbrytbart avfall,"

Behovet for midlertidige dispensasjoner/overgangsordning

"SFT foreslår at forbudet mot deponering av nedbrytbart avfall trer i kraft 1. juli 2009. Det vil da være betydelige mengder avfall som i dag blir deponert, som må finne en alternativ disponering. Vi vet at det vil ta tid å bygge ut den nødvendige alternative behandlingsskapasiteten. Det betyr at for avfallsselskap som ikke allerede har kommet langt i planlegging/bygging av alternativ kapasitet, er det knapt med tid for å få på plass en løsning som kan være i drift til 1. juli 2009. Flere høringsinstanser kommenterer også at det per juli 2009 ikke vil være tilstrekkelig kapasitet nasjonalt innen alternative behandlingsformer.

Dette kan løses gjennom midlertidige dispensasjoner eller gjennom eksport av avfall til gjenvinning i utlandet. Eksport av avfall til materialgjenvinning eller forbrenning med høy energiutnytting i land med miljøstandard på avfallsbehandling slik vi finner det i EØSregelverket er en miljømessig akseptabel løsning.

SFT mener at det er grunn til å være restriktive med å tillate fortsatt deponering av nedbrytbart avfall etter deponiforbudet trer i kraft, men foreslår likevel at forskriften åpner for at Fylkesmannen i særlige tilfeller kan gjøre unntak fra deponiforbudet. For å sikre en streng og enhetlig praktisering av unntakshjemmelen, ønsker SFT å utforme retningslinjer for Fylkesmannens dispensasjonspraksis. Retningslinjene kan beskrive noen situasjoner der det typisk vil være særlige grunner til å innvilge unntak fra deponiforbudet.

SFT vurderer blant annet om unntak bør innvilges dersom et deponi tar i mot biologisk nedbrytbart avfall fra avfallsprodusenter som har inngått kontrakt om levering av avfall til anlegg under bygging, eller dersom et den driftsansvarlige for deponiet selv har utbyggingsplaner for alternativ behandlingsskapitet som ventes å være kommet godt i gang innen 2009."

6. ENDRA FORSKRIFTER

”Avfallsforskriften” er under stadig endring og presisering. Det er innført ”akseptkriterier” for avfallsmottak;

SUM held seg til og etterlever kravet til dokumentasjon og kontroll.

Vi opplever relativt ofte at næringslivet – som kravet i høve basiskarakterisering / dokumentasjon er retta mot, ikkje kjenner myndigheitspålegget.

Dette går likevel bra; Det er relativt få som driv inntransport og ved å kontakte desse og tilby ”kort-kurs”, kan SUM om lag alltid tilby løysing.

SUMs sorteringshall bidrar til at vi kan møte auka krav til kontroll og dokumentasjon; Vi kan tilby å sortere avfallet og klassifisere det vi tek i mot.

I 2006 kom også forskrift som omhandlar det som tidlegare vart kalla problemavfall frå helseeiningar og tilsvarande. På tampen av 2006 var utarbeiding av rettleiar i gang.

Vi opplevde i 2007 at ein del offentlege instansar (også på kontrollside) trengde oppdatering; Det har stilna og dermed er vel kravet til forsvarleg behandling av potensielt smittefarleg avfall ok – håpar vi?

Det har også vore gjort endring i Forurensingsforskriften som gjer at det mønsteret som SUM-kommunane nyttar for tøming av slamavskillarar, er samanfallande med ordlyden i forskrifta; Den lokale renovasjonsforskrifta samsvarar med ”slam”-forskrifta

7. Miljø-vurdering

miljø (av fr. *milieu*, eg. midte, sentrum), dei omgivnader eller ytre forhold som menneske, dyr eller plantar lever under.

Restavfall inkludert matavfall går til energigjenvinning;

- Gir effektiv uttransport (fulle lass – minst mogleg utslepp pr uttransportert tonn)
- Er i stor grad CO₂- nøytralt
- Medverkar til mindre behov for fossil energi (olje)

Papp-papir går til materialgjenvinning:

- ”Gammalt” papir vert blanda inn i ny tre-masse, det vert opplyst at innblandinga er gunstig for sluttprodukta.

Metallskrap vert materialgjenvunne:

- Reduserer behovet for nytt/ jomfrueleg råstoff
- Omsmelting gir vesentleg energisparing i høve utvinning av nytt råstoff

Farleg avfall vert både material- og energigjenvunne:

- Gode innsamlingsresultat tyder at mindre mengder tek feil / ulovlege vegar
- Olje kan gjenbrukast
- Energien i brennbar væske vert nytta i industrien

Plast vert energigjenvunne:

- All plast innsamla gjennom avfallsdunkane går til forbrenning – gir godt bidrag i energigjenvinningsanlegga nytta av SUM
- Dersom materialgjenvinninga tek seg opp frå nivået Emballasjeretur rapporterer, kan materialgjenvinning bli aktuelt

8 STYRETS VURDERING.

SUM er godt rusta med tanka på at vi har bygt soterings/omlastingshall og investert i sorteringsmaskin.

Med bakgrunn i desse investeringane, tilbyr SUM sorteringsløysingar for næringslivet, og får betre betalt for ein del gjenvinningsfraksjonar, til dømes metallskarp / kompleks og papir/papp.

Nye avtaler (i medhald av Forskrift om off. anskaffelser) kom på plass på ”dunktøming (RenoNorge) samt på slamtøming (Miljøservice/Birkeland Transport)

Det venta nye løyvesettet kom ikkje i 2007, men i januar 2008 vart nytt løyve lagt ut til off. ettersyn.

I forkant av løyveutsendinga, var det ein del kontakt med fylkesmannen, der SUM kom med innspel.

Løyveutkastet lagt ut til off. ettersyn var slik at SUM valde å legge inn mykje av merknadane framført i tidlegare runder.

SUM har valt å gjere merknadene kjent gjennom den landsomfattande medlemsorganisasjonen Avfall Norge; Siktemålet er å få breiast mogleg vurdering på løyva som vil bli utskrivne over heile landet våren 2008.

Gassanlegget er i drift, med stadige alarmutslag. Rett nok er det nokre gonger registrert at det har vore såpass mykje gass å hente at temperaturen i brennaren har komme opp i det som skal vere normalt, rundt 900 grader.

Det ser ut til at det lenge omtale forbodet mot deponering av nedbrytbart avfall no kjem – slik venta – frå 2009. Dermed er det ein heil del avklaringar som må skje i løpet av 2008, SUM er aktiv i desse prosessane.

SUM er godt nøgd med mengde innsamla farleg avfall, sjå etterfølgjande grafikk og tabellar.

SUM har lagt vekt på å følgje regelverket med omsyn til kontroll og klassifisering av deponiavfall. Næringslivet har i svært liten grad fått med seg det statlege dokumentasjonskravet, dermed har SUM gjennomført minikurs på dette.

I 2007 kom den nye gjenvinningsstasjonen i Hyllestad i drift. Erfaringa er at stasjonen fungerer godt, også i høve til at det vert teke i mot betalingsvare.

SUM vil gi stor ros til mannskapet på stasjonen; Dei bidreg godt til at systemet fungerer

SUMs drift går godt. Med 7 tilsette + kommunal innleige på gjenvinningsstasjonane, er SUM i stand til å handtere oppgåvene etter føresetnadene i selskapsavtalen og i høve abonnentane og andre tenestekjøparar sitt behov.

Dei tilsette er interessert i arbeidet, og er aktive på å tileigne seg kunnskap

SUMs økonomi er sunn, og selskapet har difor moglegheit for å tilpasse seg dersom / når venta eller uventa oppgåver må løysast.








Etter vassverkskandalen på Romerike, har offentlege og private organ brukt mykje spalteplass og krefter for å sikre at offentleg driftseiningar er trygge i høve etikk, korrupsjon og pengebruk. Gjennom eigarskapskontroll, har SUM-styret og dagleg leiar vore ”høyrte” av SEKOM-sekretariatet; Sluttrapport føreligg i kommunane, og etter det SUM kjenner til kjem selskapet godt frå vurderingane.

Styret legg stor vekt på å halde seg oppdatert. Det er svært viktig å bygge planlegging og avgjerse på rasjonell rådgeving og grundig bakgrunnsvurdering

I 2008 har SUM fleire viktige oppgåver, til dømes:

- **Nye hyttecontainerar i staden for dei store avfallsbeholdarane**
- **Utviding deponi**
- **Eventuell dispensasjonssøknad nedbrytbart i påvente av behandlingsskapitet**
- **Bygging gjenvinningsstasjonen i Askvoll etter ”mal” frå Staurdalen i Hyllestad**
- **Implementering av nytt driftsløyve, herunder vurdering av sigevass-rensing**
- **Aktiv medverknad gjennom Avfallsforum Vest, Avfall Norge og KS Bedrift**



Styret i Sunnfjord Miljøverk IKS

 Henrik Lunde, leiar	 Solveig Masdal Haugsvær	 Gerd Dvergsdal, nestleiar
 Atle Tonning	 Erling Hjelle	 Harald Kvame
 Norvall Nøringset		

Statistikk


Plassert på Hesjedalen avfallsplass/ deponiet frå opning 01.06.97

	1997 tonn	1998 tonn	1999 tonn	2000 tonn	2001 tonn	2002 tonn	2003 tonn	2004 tonn	2005 tonn	2006 tonn	2007 tonn	Tot deponer t tonn	Tot treverk - slam	Deponert+ trev.slam tonn
Næringsavfall	3 242	6 240	3 889	5 559	8 423	7 215	7 648	6 077	6 147	5 705	4 283			
Hushaldningsavfall	3 898	6 951	6 269	6 442	6 751	7 159	6 694	809	625	438	921			
Deponert avfall	7 140	13 191	10 158	12 001	15 174	14 374	14 342	6 886	6 772	6 143	5 204	111 385		
Treverk / slam	0	0	2 119	2 804	3 459	4 213	3 299	3 610	3 859	3 687	4 203		31 253	
Deponert avfall samt treverk-slam	7 140	13 191	12 277	14 805	18 633	18 587	17 641	10 496	10 631	9 830	9 407			142 638




Farleg avfall container, PCB-vindu, batteri og CCA-impregnert 2000 - 2007

Farleg avfall tonn	Årstal							
	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007
tonn	13	14	14	54	107	131	158	138
Mellomlagra; 10 t batteri, 20 t CCA, 4 t PCB-vindu								34
Kg pr innbygger inkl. mellomlagra								6,37
Kg pr innbygger ekskl. mellomlagra								5,11




Glas og metallboksar

	år 1998	år1999	år2000	år2001	år2002	år2003	år2004	år2005	år2006	år2007
GLAS Alle kom. tonn	118	118	133	142	144	174	183	148	205	194




Papir: Innsamla i SUM kommunane;

	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007
Papir. Alle kom. tonn	1082	1167	1144	1157	1141	1204	1303	1447	1543	1647




Restavfall renovasjonsbilane;

	Årstal				
	2003	2004	2005	2006	2007
Antal innvegingar	1099	1113	1113	1122	1129
Tonn	6061	6256	6477	6588	6711
% i høve førre år, tonn		103,2	103,5	101,7	101,9
% i høve førre år, passeringar		101,3	100	100,8	100,6



Tonnasje og antal vegingar innom SUM-vekta 2002 -2007

	2003	2004	2005	2006	2007
Tal vegingar over vekta	11369	12454	14240	15269	16663
Tonnasje - tonn	18712	26144	28415	29048	34051



Hushaldningsavfall 2007; 94 % til gjenvinningsanlegg

SAMLA INNVEGE inkludert INERT, tonn	12336
MINUS UTVEG. TIL GJENVINNING tonn	11574
DEPONERT AVFALL tonn	762
Til gjenvinningsanlegg, i %	94

Del II:
Årsrekneskap 2007, balanse 31.12.07, økonomiplan 2008 – 2011

Kommentarar til rekneskapan for 2007

Inntekter:

Gebyrinntekter for renovasjon auker, noko som i hovudsak skuldast vekst i Førde.

Kommunane fekk i 2007 kr 65,- i administrasjonsgebyr pr dunksett.

Gebyrinntekter for slam er stabile, endringar skuldast ekstratømingar.

Næringsavfall. Mesteparten av næringsavfallet kjem frå ein stor aktør.

Utleigeinntekt: Tidlegare leigde Retura Fjordane lokaliteter ved SUM, pr i dag betaler SAR litt for leige av plass.

Sal til gjenvinning. Ved inngangen til 2007 overtok SUM råderetten over sitt eige avfall til gjenvinning. Auken i inntekt skuldast i hovudsak auke i papir- og metallinntekter.

Andre inntekter: SUM har ved eit par høve formidla containerar til næringslivet i Førde.

Kostnader:

Administrasjon. Kostnadsauke skuldast i hovudsak inflasjon og kostnader i samband med søknad av nytt driftsløyve for SUM.

Drift avfallsplass: Rekneskapan syner ein kostnadsauke på om lag ein million kroner, som kan forklarast slik: Ny maskinkøyrar i 80 % stilling i samband med auke avfallsmengde og meir kompleks drift (0,4 mill), Containerar solgt til næringslivet i Førde (0,2 mill), stor reparasjon av gamal hjullastar som no er solgt (0,1 mill), kontraktsarbeid nye kontrakter renovasjon og slam (0,1 mill), i tillegg til generell inflasjon.

Transport renovasjonsbil. Auker med 300.000 som følgje av auke i dunktalet i tillegg til generell prisauke.

Transport til energigjenvinning: I 2006 og 2007 vart nøyaktig same tonnasjon køyrt til energigjenvinning: 8.309 tonn.

Transport slam. Hovudtømingar i kommunane Askvoll, Naustdal og Førde. Dette utgjer under halvparten av tankane, og det er naturleg med lågare kostnader på slam kvart oddetallsår.

Transport/behandling gjenvinningsstasjonar: Avfallmengda på våre gjenvinningsstasjonar auker jamt, det er nye kontrakter på transport- og behandling som gjer at vi her kjem gunstig ut. Innsparing pr fraksjon: Papir. - 0,5 mill, glas -0,2 mill, transport og behandling farleg avfall -0,1 mill.

Slutthandsamingsavgift: Som i fjor.

Avsett til etterdrift. Om lag 200.000,- vert kvart år sett av til etterdrift av deponiet. Det skal mellom anna takast sigevassprøvar i tretti år etter at eit norsk deponi er avslutta.

Avskrivningar: Auker med 0,7 mill som følgje av nyinvesteringar: I løpet av siste år fekk SUM ny omlastingsstasjon med sorteringsmaskin og ny hjullastar, i tillegg til at vi bygget ny gjenvinningsstasjon i Hyllestad.

Finansinntekter: SUM har låg grad av lånegjeld, og set kvart kvartal innbetalinga frå kommunane inn på særvilkårskonto. I 2007 var renteinntektene større enn –kostnadene.

Resultat 2007: Sunnfjord Miljøverk hadde i 2007 eit resultat på nær 2,1 million kroner.








Resultat 2007 mot budsjett og fjorårets resultat

	Resultat 2006	Budsjett 2007	Resultat 2007
INNETEKTER			
Renovasjonsinntekt	-19 674 987	-19 500 000	-19 769 515
Inntekt slam	-3 741 166	-3 750 000	-3 648 003
Næringsavfall	-7 372 632	-7 000 000	-7 572 301
Utleieinntekt	-554 610	0	-69 000
Sal til gjenvinning	-707 541	-1 000 000	-1 492 926
Andre inntekter	0	0	-253 300
SUM INNETEKTER	-32 050 936	-31 250 000	-32 805 044
KOSTNADER			
Administrasjon	1 994 455	2 200 000	2 260 916
Drift avfallsplass	2 978 487	3 500 000	3 957 346
Transport renovasjonsbil	6 410 988	6 650 000	6 757 423
Transport til energigjenvinning	7 138 374	7 200 000	7 383 340
Transport slam	3 107 556	3 000 000	3 005 342
Transp/beh gjenvinningsstasjoner	2 619 603	2 400 000	1 856 317
Drift gjenvinningsstasjoner	514 577	700 000	434 380
Slutthandsamingsavgift	2 369 944	2 200 000	2 374 419
Avsett til etterdrift	196 881	200 000	189 449
Avskrivinger	1 864 012	2 500 000	2 531 677
SUM KOSTNADER	29 194 877	30 550 000	30 750 607
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-2 856 059	-700 000	-2 054 437
FINANS			
Renteinntekter	-318 061	-200 000	-351 096
Renteutgifter	418 240	400 000	358 702
Aksjeutbytte	-5 296	0	-18 432
SUM FINANS	94 882	200 000	-10 826
NETTO DRIFTSRESULTAT	-2 761 176	-500 000	-2 065 263

Balanse 2007

	2006	2007
Note Anleggsmidler:		
1 Finansielle anleggsmiddel	718 474	725 347
2 Utstyr, maskiner og transportmiddel	7 941 928	9 782 056
3 Faste eiendommer og anlegg	29 849 001	28 229 305
Sum anleggsmidler	38 509 402	38 736 707
Omløpsmidlar:		
Kasse, bank, postgiro	4 667 479	9 187 710
Utestående krav	8 277 425	2 140 326
Sum omløpsmidlar	12 944 904	11 328 036
 SUM EIGENDELAR	 51 454 307	 50 064 744
 Eigenkapital:		
Interessekapital	100 000	100 000
4 Sjølkostfond	440 716	440 716
4 Fri egenkapital	2 239 253	2 239 253
Resultat til fordeling		2 065 263
Anna egenkapital	35 387 294	35 387 294
Sum egenkapital	38 167 263	40 232 526
5 Langsiktig lånegjeld	6 500 000	5 500 000
Sum langsiktig gjeld:	6 500 000	5 500 000
Leverandørgjeld	5 367 377	2 549 475
6 Avsett etterdriftsfond	400 041	589 490
7 Avsett til AfP	19 824	54 739
Skattetrekk, mva, arb.gj.avgift og feriep.	285 250	1 041 042
Påløpt renter	115 194	97 472
8 Investeringar påløpt 2006, bokført 2007	599 358	
Sum kortsiktig gjeld	6 787 044	4 332 218
Sum gjeld	13 287 044	9 832 218
 SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	 51 454 307	 50 064 744

Styret i Sunnfjord Miljøverk IKS

 Henrik Lunde, leiar	 Solveig Masdal Haugsvær	 Gerd Dvergsdal, nestleiar
 Atle Tonning	 Erling Hjelle	 Harald Kvame
 Norvall Nøringset		

Notar

Note 1 Finansielle anleggsmiddel

Finansielle anleggsmiddel	Kjøp /innskot	Avskrivning/sal
Finansielle anleggsmiddel 31.12.06	718 473	
Derav Aksjar Rekom 53.297,-		
Derav Aksjar Retura AS 102.000,-		
Derav Aksjar Retura Fjordane AS 510.000,-		
Derav Eigenkapitalinnskot i KLP 53.176,-	6 873	
Finansielle anleggsmiddel 31.12.07		725 346

Note 2 Maskiner og utstyr

Maskiner og utstyr, avskrivingsrate 10 %	Kjøp	Avskrivning/sal
Maskiner og utstyr 31.12.06	7 941 928	
Avskrivningar, kompaktorer. Innkjøp: 2.130.000		149 100
Avskrivningar, behaldarar (tidl 15 år) Innkjøp: 4.017.823		116 196
Avskrivningar, gjenbrukst. (tidl 15 år) Innkjøp: 1.795.650		89 460
Avskrivningar, miljøstasjonar (tidl 15 år) Innkjøp: 421.405		19 292
Avskrivningar, gravemaskin. Innkjøp: 931.500		18 632
Gjenvinningsstasjon Hyllestad 2006: 1.935.174,-	730 061	96 760
Containerar til gjenv stasjonar 2006: 500.000,-	50 000	50 064
Truck kjøpt 2003. Innkjøp 249.500,-		19 960
Deponigassanlegg, inv. 2003-04 10% (10 år) Innkjøp: 1.644.183		132 068
Sorteringsmaskin kjøpt 2006: Kjøp 1.295.000		129 500
Glascontainerar kjøpt 2006: 540.610,-		43 076
24 hyttecontainerar: 2007	436 700	
Varebil 2007: 230.990,-	230 990	
Hjullastar kjøpt 2007: 1.256.485,-	1 256 485	
Aktivering / avskrivning	2 704 236	864 108
Maskiner og utstyr 31.12.07		9 782 056

Note 3 Eigedom og anlegg

Eigedom og anlegg, sats 5 %	Kjøp	Avskrivning/sal
Eigedom og anlegg 31.12.06	29 849 213	
Avskrivningar, Hesjedalen (tidl 15 år) Investering: 51.723.725,-		1 274 452
Omlastingstasjon 2006: Innkjøp 6.299.095		314 956
Lagerplass metallskrap 2006: Kjøp: 610.009		30 500
Aktivering / avskrivning	0	1 619 908
Eigedom og anlegg 31.12.07		28 229 305

Note 4 sjølvkostfond og fri egenkapital, avsetjing og bruk.

Avsetjing til sjølvkostfond	Tidlegare avsett	Avsetjing/bruk 2007
Sjølvkostfond 31.12.06 fordelt på sjølvkostfond abonnentar og fri egenkapital	440.716 2.239.253	
Avsett totalt 2007		2.065.263
Derav fond gebyrfinansierte tenester		1.518.672
Derav fond generert frå næring		546.590
Finansiering av investeringar ved bruk av fond		
- Abonnentar /gebyrfinan. tenester		
- Næring / fri egenkapital		
Sjølvkostfond 31.12.07		1.959.388
Fri egenkapital 31.12.07		2.785.843

Note 5 Langsiktig lånegjeld

Lånegjeld	Inngåande bal	Nedbetalt/utg
Lånegjeld Kommunalbanken 31.12.06	6.500.000	
Nedbetaling i 2006		1.000.000
Lånegjeld pr 31.12.07		5.500.000

Note 6 Avsett til etterdriftsfond

SUM er organisert etter lov om IKS. For å oppfylle

- a) Avfallsforskriften § 9.10 om finansiell garanti og kostnadsdekning og
 - b) Veileidar for etterdriftsfond frå SFT
- må vi setje av rekneskapsmessig til etterdrift.

Vi vil behandle denne gjelda på same måte som vi anna gjeld kommunane våre garanterer for, og fører dette som langsiktig gjeld. For 2007: 5.413,- tonn, avsett kr 35,- pr tonn :189.449,-

Note 7 Avsett til AFP:

Sunnfjord Miljøverk har reservert seg mot den siste ordninga i Kommunal Landspensjonskasse, AFP 62-64 år. Dette medfører at vi årlig set av eit beløp etter KLPs eige estimat (for 2007 lik 1,05 % av brutto lønnskostnader).

Note 8 Investeringar påløpt 2006, bokført 2007.

Investering av gjenvinningsstasjon i Hyllestad og omlastingstasjon/ny hovudport ved Sunnfjord Miljøverk IKS sitt anlegg var ikkje slutført pr 31.12.06. Desse vart bokført som påløpt i 2006, og aktivert i balansen i 2007.

Resultat for 2007 og budsjett 2008.

	Resultat 2007	Budsjett 2008
INNETEKTER		
Renovasjonsinntekt*	-19 769 515	-19 700 000
Inntekt slam	-3 648 003	-3 600 000
Næringsavfall	-7 572 301	-7 500 000
Utleieinntekt	-69 000	0
Sal til gjenvinning*	-1 492 926	-1 400 000
Andre inntekter	-253 300	0
SUM INNETEKTER	-32 805 045	-32 200 000
KOSTNADER		
Administrasjon*	2 260 916	2 400 000
Drift avfallsplass*	3 957 346	4 200 000
Transport renovasjonsbil	6 757 423	7 400 000
Transport til energigjenvinning	7 383 340	7 500 000
Transport slam	3 005 342	3 300 000
Transp/beh gjenvinningsstasj.	1 856 317	1 800 000
Drift gjenvinningsstasjonar	434 380	700 000
Slutthandsamingsavgift	2 374 419	2 300 000
Avsett til etterdrift	189 449	240 000
Avskrivningar	2 531 677	2 700 000
SUM KOSTNADER	30 750 609	32 540 000
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-2 054 436	340 000
FINANS		
Renteinntekter	-351 096	-200 000
Renteutgifter	358 702	400 000
Aksjeutbytte	-18 432	0
SUM FINANS	-10 826	200 000
NETTO DRIFTSRESULTAT	-2 065 262	540 000

Postane merka med * er justert etter representantskapets budsjettmøte 7. desember 2007 :

Inntekter: 2 postar oppjustert som følgje av høgere resultat enn forventa i 2007,

Kostnadssida: 2 postar justert opp med ytterlegare 3 % som ein følgje av prognoser for auka lønsvekst i 2008.

Kommentarer til budsjett for 2008:

Inntekter

Dunkar: Normalt har vi ein auke på gebyrinntektene frå året før på om lag 200.000 pr år. Denne har i hovudsak kome som ein følgje av vekst i Førde.

Auka godtgjersle til kommunane for administrasjon av dunkordninga (auke frå 50,- til 65,- kr pr dunksett i 2007) medfører at denne for 2007 vart redusert. For 2008 er satsen til kommunane sett ned att til kr 50,- pr dunksett; ein følgje av at ny kontraktspartnar på renovasjon (RenoNorge AS) tek alt arbeidet med dunkutskiftingar.

Styret har foreslått for kommunane å halde på dagens gebyrsatser også i 2008, budsjett deretter.

Slam: I hovudsak gebyrinntekter der styret har foreslått same satser som fjoråret. Lite variasjon på inntektssida.

Næringsavfall: Vi har budsjettert med at vi beheld dagens avfall til dagens prisar.

Sal til gjenvinning: Vi ser ikkje for oss nokre endringar.

Inntekter Retura Fjordane fell heilt vekk frå 2008, då selskapets drift har opphøyr.

Kostnader

Administrasjon: Som før. I hovudsak løn tilsette og kontorutgifter samt kostnader for utsending av SUM-info. Budsjettert med varsla lønsauke på 6 %.

Drift avfallsplass: Budsjett sett lik årets resultat, budsjettert med varsla lønsauke på 6 %.

Transport til energigjenvinning. Inflasjonsjustert (same tonnasje i 2007 som året før).

Transport dunkar: Auke med ny kontrakt frå 2008, om lag 1 mill pr år.

Transport slam. Inga auke med ny avtale, men stor runde kvart partallsår gir lite hopp i 2008

Forklaring "stor runde": Dei fleste tankane har fast tøming annakvart år.

Partallsår kommunane Jølster, Gaular, Hyllestad, Fjaler.

Oddetallsår kommunane Førde, Askvoll, Naustdal.

Kostnader gjenvinningsstasjonar. Vi har frå 2007 auka godtgjersla til kommunane for operatørane på gjenvinningsstasjonane.

Avskrivningar og etterdrift: Nye investeringar har auka avskrivingskostnadene.

Økonomiplan 2008-2011

Økonomiplanen har følgjande oppbygging:

1. Generelle rammevilkår
2. Investeringar og finansiering
3. Renter og avdrag
4. Driftsbudsjett 2008-2011

1. Generelle rammevilkår

Rammevilkår				
	2007	2008	2009	2010
Lønsvekst		4 %		
Prisvekst		4 %		
Rentenivået på lån		5 %		
Avdragstida på lån		15 år		

Løns- og prisvekst justert opp med 1 % frå fjorårets plan. Grunnlag for oppjustering: Prognose for lønsvekst 2008 varsla til 6 %, og transportpriser (utgjer 60 % av kostnadene ved SUM) som auker meir enn generelle prisar.

Rentenivået på lån. Pr 01.01.08 hadde SUM eit lån i Kommunalbanken på kr 5.500.000 med bunden rente. Dette er innløyst i mars 2008.

2. Investeringar og finansiering

Følgjande investeringar er lagt inn i planen

Investeringar (heile 1000 kroner)	2008	2009	2010	SUM
Kjøp av containerar	500	500	500	1 500
Opprusting gjenbruksstasjon Askvoll	1 500			1 500
Utviding av deponi	8 000			8 000
Resipientgransking i Førdefjorden	500			500
Bygnings- og anleggsmessige justeringar	300			300
Sum investeringar	10 800			11 800

Kjøp av containerar. Reparasjon og nykjøp av containerar skjer kontinuerlig, og vert normalt behandla over driftsbudsjettet. Investeringsposten for 2008 gjeld containerar til SUMs gjenvinningsstasjon på Einestølen samt i sorteringshallen.

Gjenvinningsstasjon Askvoll.

Vi har vunne erfaring med gjenvinningsstasjonen vi bygde i Hyllestad i fjor, og vil i løpet av 2008 få stasjonen i Askvoll på plass.

Deponiutviding

Forrige utviding av deponi med botntetting i 2000. Arealet pr i dag er totalt 26.000 m².

Resipientgransking i Førdefjorden. Skal skje kvart femte år med det føremål å kontrollere at Førdefjorden ikkje vert ureina unødig.

Bygnings- og anleggsmessige justeringar: Auke i talet på besøkande (særleg ute) og auke i talet på fraksjonar.

- Det er for trangt på Einestølen gjenvinningsstasjon, som må utvidast (flytting av murar).
- Det er tungvint for vektoperatøren å gå ut og inn for å informere /veilede. Det er trangt i inngangspartiet kring kontorplassen til driftsleiaren og vekta. Matrommet er tenkt flytta fram, og det frigjorde rommet vert kontor

Finansiering:

Det vert behov for nytt låneopptak ved deponiutviding i 2008.

3. Renter og avdrag

Renter og avdrag (tal i heile 1000)	2008	2009	2010	2011
Lånestorleik ved inngang av året	5 500	8 000	7 500	7 000
Låneopptak til investeringar	8000	0	0	0
Avdrag	5 500	500	500	500
Lånestorleik ved utgang av året	8 000	7 500	7 000	6 500
Renter	400	375	350	325
Renteinntekt	-200	-200	-200	-200
Netto rentekostnad	200	175	150	125

4. Driftsbudsjett 2008-2011

På kostnadssida løper normal inflasjon, og vi vidarefører trenden frå budsjettet for 2007 der vi i tråd med nasjonale mål stagnerer mengda avfall til deponi og auker mengda gjenvunne avfall (både på energi- og materialsida).

Renovasjonsgebyret for SUMs abonnentar har ikkje vore justert sidan det vart sett ned med 11% ved inngongen til 2002. Vi antar at kommunane frå 2009 vedtek å auke dei gebyrfinansierte tenestene (inntekter slam og renovasjon) med 10% .

I driftsbudsjettet under ser vi at med dei momenta vi har føreset vil vi frå år 2010 ha eit negativt driftsresultat. Der vil på kort være fondsavsetjing både på abonnent- og næringssida til å dekkje inn underskotet.

Tekst (tal i heile 1000)	Bud 2007	Rekn 2007	2008	2009	2010	2011
Administrasjon	2 200	2 261	2 400	2 520	2 650	2 780
Avfallsplass	3 500	3 957	4 200	4 410	4 630	4 860
Transportutgifter hushaldningsavfall	6 650	6 757	7 400	7 700	8 010	8 330
Transport til energigjenvinning	7 200	7 383	7 500	7 800	8 110	8 430
Transport slam	3 000	3 005	3 300	3 430	3 570	3 710
Gjenvinning	3 100	2 290	2 500	2 600	2 700	2 810
Slutthandsamingsavgift	2 200	2 375	2 300	2 390	2 490	2 590
Avsett til etterdrift	200	190	240	250	260	270
Avskrivningar	2 500	2 532	2 700	2 810	2 920	3 040
Driftskostnad	30 550	30 750	32 540	33 910	35 340	36 821
Inntekter hushaldningar	-19 500	-19 770	-19 700	-21 670	-21 670	-21 670
Inntekter slam	-3 750	-3 648	-3 600	-3 960	-3 960	-3 960
Inntekter næringsavfall	-7 000	-7 572	-7 500	-7 500	-7 500	-7 500
Gjenvinning	-1 000	-1 492	-1 400	-1 400	-1 400	-1 400
Andre inntekter	0	-323	0	0	0	0
Driftsinntekt	-31 250	-32 805	-32 200	-34 530	-34 530	-34 530
Brutto driftsresultat	-700	-2 055	340	-620	810	2 291
Renter	200	-11	200	175	150	125
Netto driftsresultat	-500	-2 066	540	-445	960	2 416
Avsett til abonnentanes sjølvkostfond	-500	-1 518	540	-445	960	2 416
Bruk av sjølvkostfond	0	0	0	0	0	0
Akkumulert sjølvkostfond	-940	-1 958	-1 418	-1 863	-903	1 513

Bodil Helene Øvretveit, økonomisjef

Del III Revisjonsmelding

KRYSS-REVISJON

Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord

Kommunane Askvoll, Bremanger, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gulen, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund
Hovudkontor: Førde kommune, Hafstadvegen 21, 3. etg., 6800 Førde – Bank: 3705.08.27845, Org. nr. 987 608 064
Dagleg leiar/Revisjonssjef Terje Førde, Priv.Adr.: 6737 Ålfoten – tlf: 57792035, mobil: 99229227; e-post: kryssrev@hotmail.com
Postboks 487, 6801 Førde – tlf. 57 82 48 01, 57 75 60 97, 57 78 85 47; e-post: KRYSS@forde.kommune.no

Til representantskapen i
Sunnfjord Miljøverk IKS

Dykkar ref: Vår ref: Arkivkode: Journalnr.: Dokumentdato:
Rek.311207 rev.meld.07 210&14 2008/04 31.03.2008

REVISJONSMELDING FOR 2007

Vi har revidert årsrekneskapen for Sunnfjord Miljøverk IKS for rekneskapsåret 2007, som syner eit overskot på kr 2.065.263,-. Vi har og revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og forslag til anvending av overskot. Årsrekneskapen består av resultatrekneskap, balanse, noteopplysningar og pliktige budsjettopplysningar. Rekneskapslova sine reglar, tilleggsbestemmelser i lov om interkommunale selskap med tilhøyrande rekneskapsbestemmelser i forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for interkommunale selskap og god rekneskapskikk i Norge, er lagt til grunn ved utarbeiding av årsrekneskapen. Årsrekneskap og årsmelding er avlagt av styret. Vår oppgåve er å uttale oss om årsrekneskapen og andre forhold i medhald til krav i lov om interkommunale selskap.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder revisjonsstandarder vedtekne av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og utfører revisjonen for å oppnå tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalgte deler av materialet som underbyggjer informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei nytta rekneskapsprinsipp og vesentlege rekneskapsestimater, samt vurdering av innhald i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon og ein gjennomgang av selskapet sin formuesforvaltning og rekneskaps og internkontrollsystem. Vi meiner at vår revisjon gjev eit forsvarleg grunnlag for vår uttale.

Vi meiner at

- ◆ Årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrift og gjev eit korrekt bilde av selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2007 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk i Norge.
- ◆ Leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentlig og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.
- ◆ Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, og forslag til anvending av rekneskapsmessig overskot er konsistente med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter.

Førde, 31. mars 2008

Kari Sygna

Kari Sygna

Kommunerevisor I

KRYSS-REVISJON

Kommunerevisjonen

Regionkontor og Sunnfjord

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. 57 75 60 97, fax 57 75 68 71
E-post: revisjon@flora.kommune.no

Hovudkontor / Regionskontor

Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde
Postboks 487, 6801 Førde
Tlf. 57 82 48 01, E-post: kryss@forde.kommune.no

Regionskontor:

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47

E-post: kryss@forde.kommune.no